

SNERTEN

Infoskriv frå Norsk Langeleikforum

Nr. 24
Juli 2022
Årgang 12



Klassevinnarar på langeleik, yngste og eldste klasse på Landskappleiken 2022
Eirin Tveide Lilleslett og Ragnhild Kolsrud. Foto: Audun Stokke Hole og Solveig Rudshavn

Les mellom anna om:

- Langeleiktradisjon i nedre Telemark
- Bokslepp og bokmelding av Langeleiken – heile Noregs instrument
- Diktet Langelegen av Peder Jonas Collett
- Ragnhild Kolsrud

Kjære alle langeleikvenner



Landskappleiken på Rjukan er gjennomført, og vi kan glede oss over at langeleik var med både i konsert, i tevling og instrumentutstilling. Nils Røines eksperimentelle instrument er et spennende tilskudd til vår tradisjon, men regnes ikke i denne tevlingen som folkemusikkinstrument. Han har allerede inspirert til videre interesse for instrumentet! At det var kun ett instrument i tevling kan være tankevekkende, for hvordan kan vi ta vare på og ta med oss håndverkskunnskapen om å bygge langeleiker inn i framtiden?

Heldigvis har vi Oddrun Hegge, langeleikbygger i Valdres, som har gått løs på oppgaven å samle langeleikbyggere fra 1970-tallet til oppgradering av leikene som ble bygget av elever og lærere på Vang barne- og ungdomsskule. Oddrun stiller med snert, strenger, pyramider, stemmeskruer og fil til flere sammenkomster for å skape liv i langeleikene. At det er venteliste på å få kjøpe langeleik på Hornås musikkforretning i Oslo forteller om økt interesse for instrumentet. Jeg har hørt ønsker om at Gjøvik spellmansslag kanskje kunne holde heltekurs i langeleikbygging, de har jo skapt tradisjon gjennom tirsdagsbyggingene. Kanskje flere kunne få mulighet da?

Norsk langeleikforum har vært heldige og fått støtte fra Sparebankstiftelsen til å kjøpe fem langeleiker fra Sarpsborg BUL. Styret i NLF er i gang med å utforme retningslinjer for bruk av disse. Vi er allerede enige om at de skal kunne leies ut gratis til medlemmer som ønsker å holde kurs. Dette er en fin mulighet til å øke interessen for instrumentet blant nybegynnere som ikke har tilgang på eget instrument. "De fem" har allerede vært i bruk under musikkhelga på Gjøvik i mai, og nå har de vært hos Oddrun til oppgradering. Kanskje noen vil starte undervisning i kulturskoler? Kom med forslag til aktiviteter!

Boka om langeleiken, av Elisabeth Kværne og Bjørn Aksdal, kom ut i år, og dette ble behørig feiret i april, først på Norsk Vitenskapsakademi i Oslo, der det var et storslått program med taler, spill og utstilling. Dette verket er et solid og grundig dokumentasjonsarbeid over langeleiken i Norge gjennom tidene. Deretter, på Valdres folkemuseum ble "Viral langeleik", opplæringsfilmer, plata "Høyre du, mann!" og boka feiret med fest. Opplæringsfilmene er inspirerende både for nybegynnere og viderekomne, godt jobba!

Utfordringer med pandemi førte også i år til at "Klangen før fela" måtte utsettes. Derfor var det med forventninger at vi endelig fikk møtes på Gjøvik til musikkhelg i mai, sammen med munnharpspillerne. Vår felles musikkinteresse gir oss møteplasser og utveksling av våre kunst- og kulturuttrykk. Det er vitaminer for folkelivet. Det mangfoldet vi skaper og deler med hverandre er grunnlaget for at alle mennesker kan få utfolde seg og bli inspirert til å klare vanskelighetene vi står overfor i dag; nyheter om krig, terror, homofobi, klimaendringer. La oss fortsette å spille for hverandre og spre denne gleden til andre også. Jeg ønsker alle medlemmer en god sommer og gode kultur- og musikkopplevelser.

Inger Ellen Kolbjørnsen
Leder

Langeleikspel i Nedre Telemark

Området rundt Ulefoss i nedre Telemark, Holla, hadde ein stor og aktiv langelektradisjon tidleg på 1800-talet til utpå 1900-talet. I artikkelen Langeleiken i Holla skriv Kai Ove Bjerkelund ein lang artikkel om dette, der han tek for seg den ubrotne tradisjonen, instrument og utøvarar fram til vår tid.

Kvifor samla det seg så mange langeleikspelarar nettopp der? Forfattaren nemner fleire moglege årsaker. Dei fleste av utøvarane var av same slekt og kunnskapen vart ført vidare gjennom nye slektsledd. I tillegg var områda dei budde i isolerte heilt til langt utpå 1900-talet. Det vart laga dansetilstelningar på bygdene der dansemusikken var langeleik og fele, og slik held musikken seg levande i generasjoner.

I åra 1879 til 1883 vart det avvikla kapplerikar i langeleik og lurspel i Holla. I følgje artikkelforfattaren var det ikkje noko småålåtna tilstelningar med lua i handa. Nei, kapplerikane vart omtala i mange av dei største avisene i landet, og det vart rapportert om fleire tusen tilhøyrarar! Dampbåtane på Norsjø var fulle av folk, og det kom folk frå heile Austlandet. I Fedrelandsvennen kunne ein 17.8.1881 lesa korleis journalisten opplevde kappleriken: «*Mine dristige forventninger ble i høy grad overtrufne. Stedet selv et maleri. Høydene ovenfor Holdens nye kirke med utsikt både utover den speilblanke Norsjø og oppover mot Lunde passet i høy grad til en friluftskonsert som denne, hvor fjellene på andre siden av dalen skulle gjengi ekkoet av de kraftige lurtoner. Den jevne skråning nedover mot kirken ga rik anledning til å høre og se, selv med et auditorium hvor det var samlet flere tusen mennesker. (....) Det ble spilt springedansslåtter, gangar og andre slåtter raskt over strengene, ja også gamle huldreslåtter som Kivleslåtten og Kvernekallen.*»



Langeleiken var kjent for å vera eit kvinneinstrument, men i Holla kjenner ein namnet til flest menn som spelte. Det var desse som spelte på kappleikane. Truleg var det fleire kvinner som spelte utan at dei er oppgjevne i kjeldene. Derimot var det kvinnene som hadde mest kunnskap om og erfaring med langelurspel. I artikkelen til Bjerkelund finn ein namnet på 15 langeleikspelarar frå først på 1800-talet til i dag, men det finst truleg fleire To av dei er representerte på plata «Høyre du, mann».

Artur Vibeto (1906 – 1971) spelte både langeleik og langlur og var landskjent for å vera ein dyktig langlurmakar. Langeleiken hans finst framleis, og det finst opptak av han frå 1960 og 1969. Eit søk på nettet gjev også mange treff på mannen og spelet.



Lina Holte (1891 – 1970) lærde å spela av syskjenbarnet sitt, Karen Brennebu (1867 – 1836). Karen og Ole Petter var tvillingar som spelte saman, og journalisten som rapporterte for Fedrelandsvennen, kunne berette: «*De skulde have seet Twillingparret fra Brennebu, en gut og en pige på 14 Aar, roligt og beskeden intage sin plass ved Bordet som med sand Kunstnervituositet lot tonene trille frem.*» Desse to vart premierte på kappleikane i Ulefoss, og Karen vart namngjeten for det mjuke og fine spelet sitt. Lina hadde lang skuleveg, slik at ho budde på skulen frå måndag til laurdag. Karen budde også der, så det var god tid til opplæring. I 1903 fekk ho sin eigen leik som broren Gustav Sanna (f. 1881)

hadde laga. Denne brukte ho heile livet. Men mannen hennar, Knut Holte, laga også ein langeleik til henne. Det finst opptak med Lina Holte frå 1955 der ho spelar og fortel om langeleikspel i Hollaheia og Landsmarka.

Til slutt må vi nemne Anne-Milly Teksle, f. 1944, som er den einaste i Telemark i dag som har langeleikspel i levande tradisjon! Anne- Milly er av Brennebu-slekt, og lærde direkte frå mor som hadde lært av si mor.

Kjelde: Holla-minner, Tidsskrift for Holla Historielag, nr 33 – 2019, side 16 – 28.

Bildet av Lina Holte f. Sanna er gjengitt etter samtykke frå barnebarnet Oddvar Kåsa. Finst på heimesida til Holla Historielag

Gunvor Hegge

Langeleiken - heile Noregs instrument



1.april var langeleikfolket samla i Oslo for å ta del i boksleppet til Bjørn Aksdal og Elisabeth Kværne, og dette var ingen aprilspøk! Utgjevarane inviterte til stor markering i lokalene til Det Norske Vitenskapsakademi, eit staseleg lokale som var boka og boksleppet verdig. Her fekk vi oppleva langeleikmusikk og instrument frå store delar av landet. Bjørn Aksdal kunne dessverre ikkje vera til stades, men Elisabeth batt programmet fint saman med historier og bakgrunnsstoff til dei ulike innslaga. Vi fekk oppleva spel på unike gamle langeleikar og kopiar av slike, det var låttar frå ulike tradisjonar, dansedokker og diktlesing i tillegg til taler og gratulasjonar.

I regi av Hilmestemnet var det i mai også ein konsert på Valdres Folkemuseum med markering av boka, plata "Høyre du mann!" og opplæringsvideoane.

Her ser vi eit lite knippe av dei unge som skal bera tradisjonane vidare inn i framtida. Frå venstre: Ingvild Arneng, Ragnhild Rolandsgard Hauge, Solfrid Olmhus, Målfrid Ranheim og Ingeborg Aabol.



Boka er eit praktverk som haustar mange lovord. Vi tek med litt frå omtalen Ånon Egeland har gjort for bladet Folkemusikk. Heile bokmeldinga kan du lesa på denne nettsida:

[Langeleiken - heile Noregs instrument | Folkemusikk](#)

Gunvor Hegge

Utdrag av bokomtale, tekst av Ånon Egeland:

LANGELEIKEN - HEILE NOREGS INSTRUMENT

Et livsverk: Ei stort mer komplett bok om langeleiken er det vanskelig å tenke seg.



To kilo veier den, og det er ikke bare i fysisk forstand at Bjørn Aksdals og Elisabeth Kværnes murstein av ei bok har tyngde. De 517 sidene er spekka med kunnskap som det tar et lite liv å tilegne seg. Så går da også samarbeidet mellom forfatterne helt tilbake til 1987, da de ga ut heftet *Leve langeleiken!* i samband med utstillinga med samme navn på Ringve Museum. De stod også bak katalogen med faglige artikler til Valdresmuseas langeleikutstilling i 2014, som hadde samme tittel som den foreliggende boka. (...)

Boka gir fyldig dekning av de fleste tenkelige aspekter ved instrumentet. Alt virker gjennomtenkt og godt underbygd, med oppklarende fotnoter, gode kildehenvisninger og ei fyldig litteraturliste. Blant emnene som bevisst er valgt bort, er analyser av musikken som har blitt spilt på instrumentet, og problematikken som knytter seg til plasseringa av «notene», tverrbanda, på langeleiken.

Det lange og grundige kapitlet om de historiske kildene minner oss på hvor gammelt instrumentet er her til lands: nærmere 500 år, rundt 200 år eldre enn fela. Som for å understreke det, opptar omtalen av de eldste langeleikene en stor del av boka. Av de hele 306 langeleikene forfatterne har undersøkt, er 240 definert som eldre. Ikke overraskende er nesten halvparten av de registrerte instrumentene fra langeleikbastionen Valdres. Langeleikene er registrert med unike L-nummer, kategorisert i hovedtyper etter kriterier som lengde, høyde, bredde og om de er laga av ett stykke eller satt sammen av flere deler. Gjennomgangen av materialet følger geografiske områder.

Billedmaterialet er imponerende. Knapt et oppslag er uten bilder, gamle som nye, av instrumenter så vel som utøvere. Gode nærbilder gjør det også mulig å studere detaljer ved mange av leikene, som kan være reine kunststykker når det gjelder dekor og utforming. Forfatterne vier faktisk et helt kapittel til langeleiken som folkekunst. (...)

Spilletradisjonen får brei omtale: stemming av strengene, plassering av «noter» og repertoar. Langeleiken stemmes til første, femte og tredje skalatrinn (tersen) i durskalaen, likevel vil stemminga variere med antallet strenger, hvilke toner som

dobles/oktaveres, og om tersen er utelatt eller ei. Flere varianter av slike stemminger har fått plass i boka, men det unike og interessante belegget fra Ulefoss for å stemme den korteste bordunstrengen ned en heltone, for på den måten å omtolke toneførrådet, er ikke nevnt. (...)

Langeleiken er bedre stilt enn nøkkelharpa var i si tid. Sjøl om hovedtyngden av utøvermiljøet er avgrensa til enkelte områder, er interessen absolutt til stede. Instrumenttilgangen er god, og utøverne har til og med organisert seg i Norsk Langeleikforum. Det skal bli spennende å se om Aksdals og Kværnes bok vil føre til ei ytterligere oppblomstring av interessen, både for langeleikmakeri og -musikk. Jeg kan i alle fall vanskelig tenke meg et bedre utgangspunkt enn denne boka for at nettopp det skal kunne skje.

- ✓ «Langeleiken-heile Noregs instrument» kan du bestille frå forlaget Novus: Novus@novus.no, kjøpe på Valdresmusea eller i bokhandlarar og på nett.
- ✓ På Nasjonalbiblioteket sin netthandel kan du kjøpe arkiv-Cd plata «Høyre du, mann!» og lese meir og høyre fleire av dei utøvarane som er omtala i boka.
- ✓ På You-tube finn du serien «Virtuell langeleik» der du rett og slett kan lære å spele og lære nye låttar!
- ✓ Norsk Langeleikforum (NLF) har eigen heimeside og FB side. Bli med!
- ✓ Utstillinga »Langeleiken - heile Noregs instrument!« vart opna på Valdres Folkemuseum i 2014. Her kan du sjå 40 av dei finaste langeleikane frå heile landet. Velkommen! www.Valdresmuseum.no

Godt sagt:

«Langelegen bliver saaledes i musikalsk Henseende et usædvanlig vidt rækende Instrument og hæver sig i saa Henseende højt over de flæste Folkemusikkinstrumenter.»

Hortense Panum.

Ragnhild Kolsrud – årets vinnar av Lanskappleiken eldste klasse

Foto: Knut Utler



Ragnhild Kolsrud vann langeleikklassa for seniorar på Lanskappleiken på Rjukan i juni, og kan dermed smykke seg med tittelen noregsmeister i langeleikspel i eit år framover.

Ragnhild vaks opp i Bagn i Sør-Aurdal, bygda som har fostra den kjende langeleikspelaren Ola Brenno. Foreldra var med i ungdomsgruppa «I Valdrestakt» før Ragnhild vart fødd. «Dei prøvde vel å få inn spesielt gamaldans då eg var yngre, utan at det fenga noko særleg då», minnest Ragnhild. Det var først i løpet av ungdomsskulen at ei interesse for folkemusikk byrja å oppstå, og då først og fremst eit ynskje om å lære å danse. «Då eg byrja på vidaregåande skule var «Lea de» (Bygda Dansar i Oppland) på siste året, og dette vart min inngang til dette miljøet», fortel ho. «Etter kvart byrja eg å fleipe med pappa, som sat i styret i Begnaljom spel- og dansarlag, at viss eg skulle lære meg eit instrument, skulle det vere anten langeleik eller munnharpe. Det tok ikkje lang tid, for i 2010/2011 arrangerte Begnaljom ei kursrekke på nettopp langeleik. Eg var vel om lag 17 år då eg byrja å spele, og har halde det gåande sidan, med noko varierande innsats i forhold til det å øve.»

- Kva fekk deg til å spela langeleik?

«Eg hugsar ikkje heilt kvifor eg hadde lyst til å lære akkurat langeleik, men eg må jo ha høyrt nok på det til å ha eit ynskje om å lære å spele. Og det at det blei arrangert ei kursrekke over så lang tid, **og** med så flinke folk, trur eg òg har vore positivt. Eg trur rett og slett det var mange tilfeldigheiter og rett tidspunkt.»

Ragnhild vil ikkje påstå at ho spelar i tradisjon etter nokon spesielle, fordi ho har vore heldig å få lære av mange flinke utøvarar. «Fokuset har naturleg nok vore på stoff frå Valdres, men eg synest òg det er spennande å sjå til andre stader og kunne lære seg litt stoff derifrå òg. Det finst så mykje artig langeleikstoff og så mange interessante personar!» seier ho. Det som inspirer henne er gjerne når ho høyrer andre spele låttar som ho verkeleg får sansen for, eller om ho kjem over eit eller anna arkivopptak som gjev henne tanken om at «den har eg lyst til å lære!». «Arkivopptak i seg sjølv er jo ein inspirasjon, anten det er gamle langeleikopptak eller opptak med andre instrument/vokal, det er så mykje moro i dei. Like interessant er det jo å høyre utøvaren fortelje, anten om låtten eller anna rundt. Det å få eit inntrykk av kven

denne personen var. Det som på ingen måte er inspirerande er dersom leiken er sur eller kranglete», seier ho.

Ragnhild tok eit årsstudium i folkemusikk på Rauland, med langeleik som hovudinstrument. Der spelte ho noko til dans i Gardsjordstoga på onsdagskveldane, noko ho syntest var utruleg moro. Det er mykje god lærdom i å spele til dans.

- Du har også undervist. Kva synest du om det?

«Det er utruleg lærerikt, for ein må plutseleg bli litt bevisst på korleis ein sjølv spelar låttane og korleis ein best kan leggje til rette for «enklare» variantar. Dessutan syns eg det er ein ypparleg måte å få lært fleire av dei låttane eg ikkje har vore borti sjølv, eller at eg får repetert noko som det er lenge sidan eg har spelt på. Og så er det veldig fint å sjå at andre kjenner meistring når dei spelar på instrumentet.»

- Kva er for deg det viktigaste med å spela langeleik?

«At det skal vere moro. Om det ikkje er moro, så blir det trått å spele. Og i moro kan det ligge det å lære seg nye låttar, spele saman med andre, eller å lære av andre. Og kanskje det viktigaste, det å ha gode opplevingar på og med langeleiken. Det skal vere ei god kjensle.»

Ragnhild har akkurat flytt til Hallingdal for å arbeide som museumspedagog, og tenkjer at det i den samanhengen er ypparleg å dra fram langeleiken. Dessutan er det tradisjon for langeleik i Hallingdal, slik sett er ho ikkje bekymra for at det skal vere nokon stoppar for langeleikspelet. «Det var også veldig motiverande å gjere det så bra på Landskappleiken. Det er ein kjempemotivasjon for å spele endå meir, og ikkje minst lære seg endå fleire låttar», avsluttar ho. NLF gratulerer og ynskjer henne lykke til vidare både med arbeid og spel!

Eirin Tveide Lilleslett – Vinnar av yngste klasse på Landskappleiken

Norsk Langeleikforum gratulerer også Eirin frå Geilo Spelemannslag som overbevisande vann juniorklassen i langeleik! Og ikkje nok med det, saman med Olav Andreas Stræte Lie vann ho jammen dans klasse C og!



Foto: Knut Utler

Meir heider til Hallingdal

Martin Myhr og Gunnlaug Lien Myhr vart heidersmedlemmer i FolkOrg. Desse to har gjort ein framifrå innsats for folkemusikk og dans gjennom mange år. Gunhild har vore ein viktig pådrivar for å få liv att i langeleiken i Hallingdal, noko vi ser fruktene av i dag. NLF gratulerer!




Langeleikar på utstilling

Under Lanskappleiken på Rjukan i år var det utstilt to langeleikar, ti feler og eit salmodikon. Av langeleikane vurderte dommarane berre leiken som var laga av Magnus Hope frå Indre Sunnfjord Spelemannslag og Naustedalen Spelemannslag. Hope har i si tid gått på kurs hjå Olav Viken frå Fagernes, og det var ein typisk «Viken-leik» han stilte ut. Denne leiken har botn, éin melodistreng og åtte bordunstrenger, og eit karakteristisk hovud i form av ein skroll. Magnus Hope har bygd 14 langeleikar. Den som var på utstillinga, var den siste han har laga så langt.

Den andre langeleiken som var utstilt, var ein «Røine-leik» laga av Nils Røine frå Lillehammer. Saman med broren Anders har Niels Røine i lang tid eksperimentert med å laga langeleikar med større register enn den tradisjonelle langeleiken. På Røine-leiken kan ein til dømes spela i fleire toneartar, og i gamle skalaer. Vidare kan ein spela akkorder på han, og han har eit mikrofonsystem. Røine-leiken vart ikkje vurdert under instrumentutstillinga på Rjukan, fordi han ikkje blir rekna som eit tradisjonelt folkemusikkinstrument.

Det har sjeldan vore langeleikar å sjå på instrumentutstillinga på Lanskappleiken. Sist det var utstilt ein langelek, var på Beitostølen i 2006. Også då var det Magnus Hope som stilte ut ein av leikane sine.



Magnus Hope stilte elles ut eit salmodikon på Rjukan. Heller ikkje det vart vurdert, fordi det ikkje er eit folkemusikkinstrument, men eit instrument ein brukte i songopplæringa i skulestova på 1800-talet.

Kanskje må dette vera ei oppfordring til fleire langelekbyggjarar om å nytte Lanskappleiken som eit høve til å marknadsføre det særegne instrumentet som langeleiken er.

I instrumentutstillinga under Lanskappleiken på Rjukan var det med eitt salmodikon og to langeleikar, i tillegg til ti feler. Foto: Magnus Hope

Aud Søyland

Langeleikar i NLF si eige



På 1990-talet kjøpte Sarpsborg BUL fem langeleikar av Ingvar Hegge. Langeleikane vart noko brukte i kurssamanheng, og no har Norsk Langeleikforum fått kjøpt dei. Forumet har også fått tildelt 50 000 kroner frå Sparebankstiftelsen DNB for å finansiere innkjøpet. Som de kan lesa i leiaren, er det under arbeid ei plan for bruk av instrumenta.

«Langelegen» av Peder Jonas Collett

Det er mykje ein kan koma over om ein søker i gamle aviser! Diktet av Peder Jonas Collett stod i avisa Den Constitutionelle 25. august 1839.

Den Constitutionelle.

Den Constitutionelle var ei avis som kom ut i tidsrommet 1836 – 1847, og Peder Jonar Collett var redaktør der ei tid. I følgje Store norske leksikon var dette ei avis som sette høge krav til det journalistiske innhaldet og var eit organ for Intelligenspartiet.

I boka *Norsk Realisme i 1830 og 40-aarene* som kom ut i 1914, finn vi denne vesle omtala av diktet:

*Langelegen*¹⁾ er et litet stemningsbillede fra bryggen e,
hvor en gammel kone fra landet spiller langelek en kveld.
Sjauerne stimler sammen, kokken paa et av skibene tæt
ved stanser med den rykende gryten i haanden, soldaten paa
fæstningsvolden hører stille efter:

Langelegen

Hør kun, do didl dudl do, det lyder,
på Bryggen klinger der et Strengespil,
i Aftenvinden over Tonen flyder
og svinder hen så smektende og mild.

Der sidder på en Steen en gammel Quinde
i folderige Klæder, høy og bleg,
I Skautets Folder læge Aftnens Vinde,
på Skjødet holder hun en Langeleg.

Med Bånd er Trøien syet; men ingen kjender
hvor tungt det banket har bag den maaskee,
saa sært og dybt det dunkle Øie brænder
og Panden spaar om svundne Dages Vee.

På Bryggen er der nylig bleven roligt
Og Tummelen er standset for i dag,
I Aftnen mødes Skipperne fortroligt
og vandre op og ned i Ro og Mag.

En Flok Tilhørere en halvtreds slutter
om Stenen, hvor den Gamle har sig sat,
Matroser, Tiggere og Gadegutter
selv Æblekonen har sin Plads forladt.

See hisset twende Sjouere sig bryde
med røde Huer på imellem dem,
en Tjæret Kok er standet med en Gryde
hvorfra en munter Røgsky stiger frem.

Men hør hvor lang og liflig Tonen klinger,
den falder mild og kjent i hvert et Bryst;
Det er den Røst, der Fjeldets Sønner bringer
de tause Fædrebjerges Sorg og Lyst.

Snart mindes man om Psalmemelodien,
der gjennem Dalen går, fra Herrens Huus,
snart om de tunge Suk i gjennem Lien,
hvor Granen vugger sig i Vindens suus.

Men snart er Tonen lystig og forvoven
det er det lyse norske Skjælmeri:
Man tenke må på Nissens Spil paa Laaven
og Dværgens Kjækkeri på Fjeld og Sti.

7.

Langelegen.

Hør kun, do didl dudl do det lyder,
Paa Bryggen klinger der et Strengespil,
I Aftenvinden over Tonen flyder
Dg svinder hen saa smeltende og mild.

Der sidder paa en Steen en gammel Quinde
I folderige Klæder, høy og bleg,
I Skautets Folder læge Aftnens Vinde,
Paa Skjødet holder hun en Langeleg.

Med Baand er Trøien syet; men Ingen kjender
Hvor tungt det banket har bag den maaskee,
Saa sært og dybt det dunkle Øie brænder
Dg Panden spaar om svundne Dages Vee.

Paa Bryggen er der nylig bleven roligt
Dg Tummelen er standset for idag,
I Aftnen mødes Skipperne fortroligt
Dg vandre op og ned i Ro og Mag.

En Flok Tilhørere en halvtreds slutter
Om Stenen, hvor den Gamle har sig sat,
Matroser, Tiggere og Gadegutter,
Selv Æblekonen har sin Plads forladt.

See hisset twende Sjouere sig bryde
Med røde Huer paa imellem dem,
En tjæret Kok er standet med en Gryde
Hvorfra en munter Røgsky stiger frem.

Men hør hvor lang og liflig Tonen klinger,
Den falder mild og kjent i hvert et Bryst;
Det er den Røst, der Fjeldets Sønner bringer
De tause Fædrebjerges Sorg og Lyst.

Snart mindes man om Psalmemelodien,
Der gjennem Dalen går fra Herrens Huus,
Snart om de tunge Suk i gjennem Lien,
Hvor Granen vugger sig i Vindens Suus.

Men snart er Tonen lystig og forvoven,
Det er det lyse norske Skjælmeri:
Man tenke må på Nissens Spil paa Laaven
Dg Dværgens Kjækkeri på Fjeld og Sti.

Det lille Publicum er rørt af Tonen,
Dg alle lyttende og tause staa;
Med Haand i Siden dvæler Æblekonen,
Dg han med Gryden glemmer reent at gaa.

Men tæt derved lidt længer hen paa Bryggen
Staar der en fager ung Soldat paa Bagt,
Imod den lille Flok han vender Ryggen
Dg har sin Arm mod Vajonetten lagt.

Hans Øie stirrer hen i Aftenskyen,
De gamle Minder bo i Tonens Væld,
Hans tanker flyve sikert langt fra Byen
Op mod hans Hjembygd over Dal og Fjeld.

Han tænker paa den lille Huusmandsstue
Med Abildtræet og det lave Led,
Dg Heien bagensfor med lynggroet Due,
Hans Øie bliver næsten vaadt derved.

Men nu forstamme Langelegens Strenge,
"Det laater vakkert" det i Kredsen lod,
Man gaar sin Wei, og nogle Kobberpenge
Med Rasten glide i den Gamles Skjod.

Det lille Publicum er Rørt af Tonen,
og alle lyttende og tause staa;
med Haand i Siden dvæler Æblekonen,
og han med Gryden glæmmer rent at gaa.

Men tæt derved lidt længer hen paa Bryggen
staar der en fager ung Soldat på Vagt,
i mod den lille Flok han vender Ryggen
og har sin Arm mod Bajonetten lagt.

Hans Øie stirrer hen i Aftenskyen,
de gamle Minder bo i Tonens væld,
hans Tanker flyve sikkert langt fra Byen
op mod hans Hjembygd over Dal og Fjeld.

Han tænker på den lille Huusmandstue
med Ubildtræet og det lave Led,
og Heien bagenfor med Lynggroet Tue,
hans Øie bliver næsten vaadt derved.

Men nu forstumme Langelegens Strenge,
«det laater vakkert» det i kretsen lød,
man gaar sin Vei og nogle Kobberpenge
med Raslen glide i den gamles Skjød.



Peder Jonas Collett (1813 – 1851)

Kjelde: snl.no

Viken langeleiklag

En knoppskyting fra Valdreslaget i Oslo, Langeleikgruppa, med arbeidstittel "Viken langeleiklag" har øvd inn en spilleliste og startet opp med konserter på aldershjem i Oslo-området. Under til venstre ser vi Eivind Lorentzen med en beboer på Langhus bo- og servicesenter. Flere av beboerne var godt fortrolige med langeleik, de hadde hatt Barbro Myhre som lærer på barneskolen!

Guri Svindahl spiller på Risenga bo- og omsorgsenter. Her er også dansedokka i bruk. Etter endt spilleliste ba tilhørerne om mer.



Til minne om ein 100-åring.

Tekst: Oddrun Hegge Foto: Avisa Samhold

Våren 1977 kunne ti stolte elevar ved Vang barne- og ungdomsskule invitere lokalpressa og posere med sjølvlagda langeleikar. Dei hadde siste vinteren hatt bygging og spelning som valfag, eit tilbod som skulen held fram med heilt til 1990. Kor mange instrument som vart laga på desse 14 åra er usikkert og mindre viktig, men at det sette spor hjå dei i underkant 50 som deltok, er i alle fall sikkert.

Kvar vart dei av? Og finst det påskot for å ta dei fram att, børste vekk støvet, stramme strengene og laga reunion?



Det syner seg at ein av dei sentrale for prosjektet, sløydlærar Peder Hermundstad, var fødd i desember i 1922. Å friske opp leiken og gamle spelekunster kunne vera ein fin måte å heidre sløydlæraren på. Han laga sjølv fleire vakre instrument for sal som pensjonist, og fekk betydning for spelarar i vidare kretsar. Prosesen med reunion starta i fjor, og om det ikkje blir nokon storkonsert ut av det i

jubileumsåret, så er i alle fall ei fascinerande historie oppspora.

Forløpet for langeleiksatsing i Vang er sjølvsagt lagt i hundreåra før, men jokeren her er den i år 89 år gamle skulemannen Sigfred Hovda. Hans møte med, og kjærleik, til langeleiken inspirert av sambygdingen John Hemsing, var ei drivkraft for å få med Peder til Knut Snortheim og hente oppskrift på bygging. Elevane var delvis med på å leite fram materialar frå gamle stover og løer. Ein dramatisk skulebrann høyrer også med til historia. 5-6 nesten ferdige instrument som gjekk opp i røyk i 1981, og summen som elevane fekk i erstatning skulle vera godt vendt for å vera nokor trøyst.

Peder Hermundstad (d. 2001) var finsnikkar som laga møblar, sto ved dreiebenken, dreiv med treskjæring og var altså sløydlærar. Dottera Kirsten fortel likevel at det å laga langeleikar, laga liv og musikk, var noko av det han syntest best om. Og artig var det med gjensidig glede frå ivrige valfagelevar. Det kan elevar minnast at han uttrykte.


Snerten ynskjer lykke til med 100-års markering, eit viktig påskot for fokus på langeleiken. Og skulle det bli 50 langeleikar på konsert, så blir det fylgjetong i Snerten.

Kyrkjebenkane i Røa kirke i Oslo

Trygve Bolstad gjekk ein gong forbi Røa kirke i Oslo og fekk auga på noko material som var rydda vekk og låg i ein haug ved kyrkja. Det viste seg at det var dei gamle kyrkjebenkane som skulle bytast ut. Det var fin material utan kvist, og Trygve hadde instrumentmaterial i bakhovudet då han såg dette. Han sa han kjende ein instrumentmakar og spurde om han kunne få vise Olav ein bit av materialen. Olav fann dette interessant, og slik kom materialane, som var av Oregon pine, Olav Viken på Fagernes i hende. Det viste seg at dette var framifrå material til langeleikbygging, og det vart laga eit stort antal langeleikar med vyrke frå Røa.

Som takk fekk kyrkja ein langeleik som vart lodda ut til inntekt for nytt orgel. Det kunne vere svært interessant å vite kven som vann leiken, og om han er i bruk. Dersom nokon finn ut noko om dette, hadde det vore moro om det hadde vore vidareformidla. Kontakt då gjerne Elisabeth Kværne eller Oddrun Hegge.

Denne historia er lite kjent i menigheita i Røa, men kom fram i dagen då det skulle vera ei avskjedsgudsteneste for presten ved Maria bodskapsdag, og koret der skulle vera med å synge. Dei skulle framføre Marias lovsang som startar med langeleik.



Sissel Kværne Vestre er med i dette koret og fortel: «Dirigenten sa at siden ingen visste om langeleik kunne vi kanskje bruke blokkfløyte. Da ble jeg litt utfordret og sa jeg skulle skaffe noen. Det ble veldig vellykket og presten sa det var første gang det var langeleik i Røa kirke. Lite visste han!»

Det enda altså med at Sissel og brorsonen Jon Kværne, som forresten er døypt i Røa kirke, stilte opp på gudstenesta og spelte langeleikstemma til dette verket. Sporty gjort!

Biletet er frå gudstenesta og er ein skjermdump frå eit privat opptak.

Eg er Herrens tenestkvinne
Marias lovsong

for diskantkor, orgel, fiolin, langeleik og kyrkjelyd

L.I. *OMKVEDE* Egil Hovland 95
Langeleik i B-dur

Fra partiuret til Egil Hovland, tingingsverk til feiringa av 750-årsjubileet for Ulnes kyrkje i 1995.

Egil Hovlands komposisjon «Eg er Herrens tenestkvinne» vart skriven til 750 år jubileet til Ulnes kyrkje i 1995. Då var det Elisabeth Kværne som spelte langeleikstemma.

GH

Info frå styret:

Det vart halde årsmøte i januar, og desse er no i styret for NLF:

Leiar:

Inger Ellen Kolbjørnsen

Styremedlemmer:

Magnhild Karsrud
Håvard Bergheim
Karine Kjellberg Granli
Lise Karin Meling

Varamedlemmer:

Solveig Vatn Weisser
Andrea Søgnen
Sveinung Søyland Moen

Det har dei siste åra vore avsett pengar til eit stipend for unge utøvarar. Det har ikkje vore søkjrarar på dette på nokre år, og styret drøftar korleis ein kan promotere dette på ein meir effektiv måte.

Medlemspengane er uendra for 2023, det er framleis 200 kroner.

Heimeside: www.langeleikforum.no

facebook: Norsk langeleikforum

e-post: ingerellen.k@gmail.com.

Medlemspengar 2022: 200 kr

Kontonr. 1503.14.71807

Vipps: 136475

NLF ynskjer alle ein god sommar vidare!